



Til  
Idrettsråd i Vestland  
Særkretsar/regionar i Vestland  
Særforbund utan regionalt ledd i Vestland

Bergen 12.01.24

## Innkalling til kretsting i Vestland idrettskrets

Styret i Vestland idrettskrets kallar med dette inn til kretsting laurdag 13. april på Scandic Hotel Ørnen i Bergen.

Kretstinget startar kl. 13.00. Vi ynskjer å invitere til eit seminar om aktuelle anleggspolitiske saker i forkant av kretstinget frå kl. 10.00-11.30. Invitasjon med program og påmelding til dette seminaret vil bli sendt ut seinare.

Tingforsamlinga består av representantar frå idrettsråd og særiddrettar (særkrets/region/forbund) med likt antal representantar frå dei to gruppene, samt idrettskretsstyret.

I dei kommunane som ikkje har idrettsråd kjem representantane direkte frå idrettslaga. Dersom det er meir enn eitt idrettslag i kommunen veljast representanten i eit møte mellom idrettslaga.

Representantane må vere valde på årsmøte/ting eller oppnemnt av styret etter fullmakt. Fordelingsnøkkel [idrettsråd](#) - [særkrets/region/forbund](#)

Det vert presisert at det må takast omsyn til kjønnsfordeling ved val av representantar, jf NIFs lov § 2-4 som bl.a. seier:

### § 2-4 Kjønnsfordeling

- (1) NIF og NIFs organisasjonsledd skal arbeide for lik kjønnsfordeling ved val/ oppnemning til styre, komitear mv. og representasjon til årsmøte/ting. Ved val/oppnemning og ved representasjon skal begge kjønn vere representert. Ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal det veljast/oppnemnast minst 40% frå kvart kjønn, medan det for idrettslag er tilstrekkeleg med minst to personar frå kvart kjønn. Bestemminga gjeld også der det veljast meir enn eitt varamedlem. Representant for dei tilsette tel ikkje med ved berekning av kjønnsfordelinga.

Forslag som ein ynskjer handsama på tinget må vere idrettskretsen i hende seinast 2 månadar før tinget. Frist: 13. februar.

Fullstendig sakliste med saksdokument vert sendt organisasjonsledda elektronisk 13. mars, samt lagt ut på [heimesida til Vestland idrettskrets](#).

Elles vert det synt til NIFs lov § 2-5 Generelle reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv. Sjå idrettsforbundet sine nettsider under [Juss – NIFs regelverk](#).

**Pris:**

Idrettskretsen subsidierer overnatting, middag og dagpakke. Det er fastsett følgjande deltakaravgift som representantane sjølve må dekke. Ein kan velje mellom følgjande alternativ:

kr. 1500,- pr. person

Enkeltrom m/frukost 12.-13. april, 3-rettar middag fredag, og dagpakke inkl. lunsj laurdag.

kr. 1100,- pr. person

Enkeltrom m/frukost 12.-13. april og dagpakke inkl. lunsj laurdag.

kr. 300,- pr. person

Dagpakke inkl. lunsj laurdag ikkje buande.

Seminaret laurdag frå kl.10.00-11.30 er gratis for deltakarane.

**Påmeldingsfrist:**

Representantane må vere meldt idrettskretsen seinast ei veke før tinget, jf § 5-5 (4) i NIFs lov.

For dei som ynskjer å overnatte på hotellet, ber vi om at påmeldinga skjer innan fredag 22. mars.

Påmelding til kretstinget skjer elektronisk via følgjande lenke:

[Trykk her for påmelding](#)

Med venleg helsing  
Vestland idrettskrets

Nils R. Sandal /s/  
Leiar

Knut Songve /s/  
Org.sjef